



Kva kan vi læra av valdeltakinga ved lokalvalet i haust?

Statsråd Magnhild Meltveit Kleppa (Sp)



Politikk for meir demokrati


- Korleis gjera folkestyret betre?
 - Kva for reformer trengst?
 - Korleis auka den demokratiske kvaliteten og potensialet til folkestyret?
- To innfallsvinklar:
 - Systemet; vallov: 'Hard' politikk.
 - Haldningar og åtferd: 'Mjuk' politikk.
- Brei samtale, kritisk ordskifte!
 - Fleire treffpunkt mellom politikk og akademia
 - Ungdomen si rolle, jf. teknologi og framtid

Lokaldemokratisk "laboratorium"

- Lettare å "eksperimentera" lokalt, jf. direkte ordførarval.
- Lokalval så å seia produserer mykje og viktig informasjon om demokratiet.
- Til ein viss grad kan vi sjå på lokalval som feltekspertiment.
- I dag: Kva kan vi læra om og av valdeltaking ved valet i haust?
- Dinest: Kva verdi har høg valdeltaking? Fokuserer vi for sterkt på målet om brei og høg deltaking?

Valdeltaking i kommunevalet 2007:

- 138 kommunar under snittet på 61,6 %.
- Min: 51,8 pst. Maks: 83,3 pst.
- Spenn på 31,5 prosentpoeng!





Korleis kan vi forstå/gjera greie for denne variasjonen i valdeltaking mellom kommunar?

- Vi har sett på korrelasjon mellom valdeltaking og desse variablene:
 - Talet på røysteføre i kommunen
 - Graden av "politisk heterogenitet"
 - Valtekniske tilhøve:
 - Direkte ordførarval (50 kommunar)
 - Todagarsval (206 kommunar)
 - "Lokalpolitiske tilhøve":
 - Lokal liste (152 kommunar)
 - Eigedomsskatt (283 kommunar)

Valdeltaking og talet på røysteføre

- Stor variasjon i talet på røysteføre!
- Utsira: 159; Oslo: 441 930.
- Gjennomsnitt: 8398 røysteføre.
- Jf. Platon: 5040 hushald ideell storleik på eit lokalsamfunn...
- Resultat: Negativ korrelasjon mellom valdeltaking og talet på røysteføre.
- Kvifor?
 - Små kommunar: Kvar røyst "tel" meir.
 - Sterkare sosialt press i små samfunn?
 - Meir homogene lokalsamfunn → breiare og djupare deltaking?

Valdeltaking og politisk konkurransen

- Politisk konkurrans/heterogenitet målt med talet på "effektive" parti.
- To ytterpunkt:
 - Årdal: Ap fekk nær 80 pst.
 - Kvinnherad: 11 parti/lister; valvinnar Ap ca. 20 pst.
- Empirisk funn:
 - Di fleire "effektive" parti (di jamnare fordeling av røystene mellom parti), di lågare valdeltaking.
 - Ikkje openbert korleis dette kan/bør tolkast..

Todagarsval og direkte ordførarval

- Båe desse variablane kan påverkast politisk!
- Hypotese/gissing:
 - Høgare valdeltaking når vallokala held ope over to dagar.
 - Direkte ordførarval → auka personfokus → isolert sett høgare valdeltaking (også intensjonen ved innføring av slike val).
- Harde fakta:
 - Verken todagarsval eller direkte ordførarval medførte høgare valdeltaking i 2007.
 - Tvert om: Lågare valdeltaking i desse kommunane!

Valdeltaking og by- og bygdelister

- I mange kommunar stiller fleire parti felleslister. Vi ser vekk frå desse.
- 152 kommunar med minst éi lokal liste. I fleire av dei minste kommunane: Berre lokale lister (t.d. Utsira, Kvitsøy og Modalen).
- Resultat:
 - Høgare valdeltaking i kommunar der lokale lister stiller til val, alt anna gjeve.
 - Talfesta effekt: Berre 1 prosentpoeng..
 - (Positivt samband mellom oppslutnad om lokale lister og valdeltaking.)

Valdeltaking og lokal skatt

- Eigedomsskatt: Reinhekla lokal skatt; utanfor inntektssystemet.
- Ved valet hadde 283 kommunar eigedomsskatt. 142 av desse kravde inn skatt på bustader.
- Mange stader ei omstridd sak; klåre politiske skiljelinjer mellom partia.
- Men: Isolert sett ingen skilnad mellom valdeltakinga i kommunar med og utan slik skatt.

Førebels oppsummering

- Dei valde variablane "forklarer" over 50 pst. av variasjonen i valdeltaking mellom kommunane.
- Mange andre faktorar som spelar inn.
- Politikkimplikasjonar:
 - Kommunestruktur... Høg demokratisk deltaking i små kommunar.
 - Lokale lister (lokale saker, men ikkje eigedomsskatt) ein positiv faktor.
Problematisk for heilskapen i politikken?
 - Litt og lett oppsiktsvekkjande at todagarsval og direkte ordførarval ikkje påverkar valdeltakinga.

Internasjonalt fugleperspektiv

- Valdeltakinga i Noreg (nivå i dag og utvikling dei siste 25 åra) bortimot samanfallande med t.d. Finland, Nederland, Portugal og Tyskland): Svakt fallande, men har no flata ut kring 60 pst.
- Sverige: Også svakt fallande tendens, men på eit høgare nivå: Ned frå rundt 90 pst. Til 80 pst. no.

Grundlagsutredningen i Sverige

- Analyse av diskusjonen knytt til valdeltaking i ei rekke vestlege land.
- Hovudkonklusjon: Få utførlege og eksplisitte resonnement vedrørende verdien av (høg) valdeltaking.
- Generelt: Høg valdeltaking er "bra", låg valdeltaking negativt med tanke på låkare politisk representasjon og svekka legitimitet knytt til det demokratiske systemet

For og mot høg valdeltaking

- Høgare valdeltaking → lågare kvalitet?
 - Negative konsekvensar ved at mindre informert folkevilje då kjem til uttrykk.
 - Konflikt mellom velinformerte veljarar og høg valdeltaking?
- Høg veldeltaking grunna misnøye?
 - Di fleire som vil ha endring, di høgare deltaking.
 - Låg valdeltaking konsistent med at mange er tilfredse.

Politikk for betre demokrati

- Utfordrande oppgåve; ingen "quick fix", men heller ikke opplagt at vi i dag står overfor store problem som *bør* løysast.
- **Fokus på haldningar:** Demokrati handlar om bindande, kollektive avgjelder og fri konkurranse mellom idear og interesser. Må halda fast ved at denne samfunnsforma er kjernen i vår sivilisasjon.
- **Fokus på kritisk offentlegheit:** Folkestyre krev ytringsfridom – og bruk av ytringsfridom: Usemje, debatt og opplysning. Media si rolle stadig viktigare?